




Sture på Dønhaug under oppskoka

Han har kalla CD-debuten sin for **BALANSE**, Øyvind Sture i Uskedalen. Det er ein presis karakteristikk av dei 13 låtane han har fått med av dei 30 han har laga til no. Alle er sjølvstilt ikkje like gode, men dette er ein svært lovande debut av den 60 år gamle læraren frå Rælingen som har vore uskedaling i 23 år. Slik det er med så mange så burde han starta før!

CD-en har vore til sals i blomebutikken frå i dag og allereie etter stutt tid var 15 eksemplar selde!



BALANSE har Sture nytta som motto

Den offentlege debuten til Sture fant stad under oppskoka på Dønhaug for få veker sidan. Då fekk han ikkje presentert talentet sitt på grunn av nervøsitet og trøbbel med teknikken. Men sjølve CD-en er eit gjennomarbeida, profesjonelt produkt som mange har bidratt til, og som kanskje John Inge Knudsen har det meste av æra for. Arrangementet er svært bra og mange instrumentar har vore nytta, I fleng høyrer vi akustisk gitar (som Sture spelar sjølv), fiolin, trekkspel, cello, flygel, shaker, elektrisk gitar, ukulele og bass. Men det er først og fremst Stures eigen forteneeste at resultatet er så vellukka, sjølv om eg tykkjer han kunne kutta ut nokre av visene, til dømes 'Drittsang' til slutt. Den dreg ned heilheitsinntrykket.

På pluss-sida kjem fleire som kan bli populære og både tekstmessig og melodjst er vakre og iørefallande. Her tenkjer eg framfor alt på 'Fire hjul og frihet' og 'Ingenting å klage på' som er prega av glad optimisme..

Sture har framfor alt ei behageleg røyst og minnar om fleire av dei visetalentane som i seinare år har dukka opp langs svenskegrensen. Men dei er stort sett litt barskare i uttrykk og innhald enn Sture.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen